



Bremanger kommune
Postboks 104
6721 SVELGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Bremanger kommune – kontroll av revidert budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022

Bremanger kommunestyre sitt vedtak for budsjett 2019 og økonomiplan 2019 – 2022, sak 58/18 den 20.12.2018, vart ikkje godkjent av Fylkesmannen med årsak i manglande inndekning av akkumulert underskot og ufullstendig vedtak for finansiering av investeringsbudsjettet. Kommunestyret har handsama budsjett- og økonomiplan på nytt i to møte, 19. juni og 7. november 2019.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen i Vestland skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak. Det er vedtaket til kommunestyret gjort i møtet 7. november, sak 66/19, vi no skal kontrollere.

- **Budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019 – 2022 er godkjent.**
- **Låneopptak på kr 18 037 000 er godkjent.**
- **Leigeavtalar for tre bilar er godkjent.**

Driftsbudsjettet 2019

Samanlikna med opphavleg budsjett 2019 er det i revidert budsjettet med netto meirinntekter på 22,1 mill. kroner og netto meirutgifter på 15,1 mill. kroner. Dei største endringane er:

Meirinntekter:

- forlik i rettssaka mot forsikringsselskapet AIG etter krav om erstatning etter Terra-saka, inntekt 14 mill. kroner
- auka inntekter frå eigedomsskatt med 4,5 mill., til 45,5 mill. kroner
- høgare utbetaling frå Havbruksfondet med 3,7 mill., til 6,7 mill. kroner
- auka inntekter frå skatt- og rammetilskot, 2,8 mill. kroner
- auka gevinst for sal av konsesjonskraft med 1,8 mill. kroner, til 16,8 mill. kroner
- netto endringar for andre budsjetterte inntektspostar, - 4,7 mill. kroner.

Meirutgifter:

- Negativ verdiendring for rentebytteavtalar med Danske bank, 6,5 mill. kroner
- Netto meirutgifter i drifta, 8,2 mill. kroner.

Inndekning av akkumulert underskot er etter dette auka frå 7,0 mill. kroner til 14,2 mill. kroner.



I 2018 var inntekter frå konsesjonskraft på 8,8 mill. kroner og eigedomsskatt 38,4 mill. kroner. Sum auke frå 2018 til revidert 2019-budsjett er etter dette 15 mill. kroner. Auken er grunnlagt med nye kontraktar og vilkår for kjøp og sal av konsesjonskraft, utbygging av vindkraft på Guleslettene og opning av nye vasskraftverk (Ålfoten). Skatt- og rammetilskot er oppjustert etter nasjonal forventa skatteauke framlagt i oktober. Frå opphavleg budsjett har utbyte frå SFE A/S auka med 1,0 mill. kroner, til 2,5 mill. kroner. Ettersom det blir busett færre flyktningar er integreringstilskotet redusert med 1,4 mill., til 2,6 mill. kroner.

Derivatavtalane med Danske bank vart gjort effektive frå 2016 og varer fram til 2036. Kommunen må årleg i 20 år dekke inn om lag 7,0 mill. kroner til Danske bank. Beløpet blir ført som utgift og netto reduksjon i noverdi av forpliktinga som inntekt, slik at effekten i driftsrekneskapan vil vere netto tilnærma lik 0. I tillegg blir nettoverdien av rentebytteavtalane verdivurdert ved kvart årsskifte. Dersom rentenivået endrar seg, vil dette medføre både reell utgiftsauke (ved rentenedgang) eller inntektsføring (ved renteoppgang). Dette betyr at rentebytteavtalane framleis gjev finansiell risiko.

I opphavleg budsjett- og økonomiplan for 2019 – 2022 har kommunen budsjettert med ein årleg positiv verdiendring på derivatavtalane på 3,0 mill. kroner. Men etter nedgang i den lange renta, rapporterer kommunen om ei negativ verdiutvikling på om lag 8,0 mill. kroner per 30. august. Dette betyr ei prognose for samla negativ rekneskapseffekt på 11,0 mill. kroner. Samanlikna med opphavleg budsjett har kommunen i revidert lagt inn ei samla negativ verdiendring på 9,5 mill. kroner.

Samanlikna med opphavleg budsjett er netto ramme for administrasjon og tenestoområda auka med 8,2 mill. kroner, til 323 mill. kroner. Av dette er 5,8 mill. kroner til helse- og omsorg.

Fylkesmannen sin kommentar

Bremanger kommune har gjennom året motteke større ekstra eingongsinntekter i drifta, til saman 19 mill. kroner. I tillegg er det i revidert budsjettert med netto auka meirinntekter på 6 mill. kroner. Verdiendringar for derivatavtalane med Danske bank er vanskelege å budsjettere. Fylkesmannen meiner ut frå eit forsiktigheitsprinsipp, at kommunen ikkje må budsjettere med inntekter frå ei forventa positiv verdiutvikling for avtalane.

Men slik Fylkesmannen vurderer økonomien til kommunen er hovudproblemet at dagens drift går i ubalanse, med 17 mill. i 2017, 9 mill. i 2018 og ei prognose på 8 mill. kroner i 2019. Hovudutfordringa for Bremanger kommune er etter Fylkesmannen sitt syn å skaffa balanse i drifta. Dette blir òg påpeika av rådmannen, at kommunen sitt driftsnivå er for høgt samanlikna med påreklelege inntekter framover.

Ein stor del av meirinntektene går difor med til å dekkje meirforbruket i drifta. Slike ekstra inntekter skulle fullt ut vore nytta til inndecking av akkumulert underskot, som er på 21,8 mill. kroner. Det ligg ein risiko i at dersom ubalansen i drifta blir ført vidare i 2020, så klarer ikkje kommunen å dekkje inn resten av underskotet slik som planlagt i 2020. Konsekvensen vil då bli at Bremanger er Robek-kommune også etter 2020. Det er difor nødvendig at kommunestyret gjer vedtak om tiltak som sikrar realistiske budsjettvedtak og balanse i drifta frå 2020.

Tidlegare års meirforbruk

Kommunen har no dekt inn dei store tapa på til saman 230 mill. kroner etter Terra-saka frå 2007 og 2008. Per 31.12.2018 har kommunen eit akkumulert underskot på 21,8 mill. kroner, som gjeld eit underskot frå 2014 på 25 mill. kroner knytt til tap på derivatavtalar. Dette underskotet skal vere dekt innan 2021.



I revidert budsjett- og økonomiplan er det budsjettert med følgjande inndekking i mill. kroner:

2019	2020	2021	sum 19-21
14,2	7,6 ¹⁾	0	21,8

¹⁾ Kommunen har budsjettert med 4,9 mill. i inndekking og 2,7 mill. kroner avsetjing disposisjonsfond, men som skal nyttast til inndekking i 2020-budsjettet.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har vedteke ein plan for inndekking av akkumulert underskot innan 2020. Kravet om inndekking av underskotet frå 2014 innan sju år, som er fastsett av departementet, vil såleis bli oppfylt. Føresetnaden for å klare dette er balanse i drifta frå 2020.

Investeringar 2019

Investeringsramma for 2019 var i opphavleg budsjett sett til 28,4 mill. kroner. I revidert budsjett er det vedteke investeringar i anleggsmidlar for til saman 30,9 mill. kroner. Dette skal finansierast med 18,0 mill. i nye låneopptak, ubundne investeringsfond 7,3 mill. og kompensasjon meirverdiavgift 5,6 mill. kroner. Midlar frå ubundne investeringsfond kjem etter at kommunen sel eigedomar for 7,3 mill. kroner.

Ved siste årsskifte hadde kommunen ei lånegjeld på 361 mill. kroner, som utgjorde 78 % av driftsinntektene. Gjennomsnitt for landet var 105,6 %, og samanliknande kommunar i Kostra ligg på 89 %.

Kommunen skal inngå leigeavtalar (leasing) for tre bilar. Avtalane gjeld for fem år.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 60 skal kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar som påfører utgifter for kommunen utover fire år godkjennast av departementet. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunestyret har vedteke budsjett og økonomiplan i balanse, og vi godkjenner nye låneopptak på 18 mill. kroner og leigeavtalar for tre bilar.

Økonomiplanen 2019 – 2022

Kommunen budsjetterer med vidare auke av inntekter frå eigedomsskatt til 51 mill. kroner i 2020, og årleg mellom 47 til 49 mill. kroner frå 2021. Gevinst frå sal av konsesjonskraft er lagt inn med 16 mill. kroner frå 2020, ein mindre reduksjon frå 2019. Inntekter frå Havbruksfondet er budsjettert med 3,0 mill. kroner kvart år i perioden. Integreringstilskot frå busetjing av flyktingar er fasa ut frå 2021. Kommunen overførte i 2018 sine SFE-aksjar til Bremanger eigedom A/S, slik at det er dette selskapet som får utbytte frå 2020. Verdiendring for derivatavtalar er budsjettert med ei inntekt på 3,0 mill. kroner kvart år i økonomiplanen, og kommunen har derfor lagt til grunn at det langsiktige rentenivået vil stige.

Ramma for netto drift for administrasjon og tenesteområda er redusert frå 323,0 mill. kroner i 2019 til 307,2 mill. kroner i 2022 (faste prisar). Reduksjonen fordeler seg på fleire tenesteområde. I 2018-rekneskapen var sum netto utgift 320,5 mill. kroner for administrasjon og tenesteområda.



I heile økonomiplanperioden 2019 – 2022 er det budsjettert med investeringar i anleggsmidlar for 72,5 mill. kroner, av dette skal 44 mill. kroner verte finansiert med nye lån. Avdrag er budsjettert med 50 mill. kroner, slik at lånegjelda ikkje vil auke samanlikna med (i prosent av) driftsinntektene.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunestyret må frå 2020 vedta varige tiltak som skaffar balanse i drifta. Kommunelova sine krav om realisme må leggjast til grunn i budsjettering av slike tiltak og for inntekter følgje eit prinsipp om forsiktighet, særleg der eksterne tilhøve kan påverke storleiken av inntektene.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune etter kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, og Bremanger kommune sitt reviderte budsjett- og økonomiplanvedtak for 2019 – 2022 er godkjent.

Etter § 50 nr. 9 i kommunelova skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak og langsiktige leigeavtalar for kommunar som er innmelde i Robek. Vi har godkjent låneopptak for kr 18 037 000 og leigeavtalar over fem år for tre bilar (ein Renault Kangoo og to Ford Transit).

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi per e-post: Kryss Revisjon – postmottak@kryssrevisjon.no